

Referat frå møte i FAU ved Valderøy ungdomsskule

Tysdag 21.januar 2020

Møtte: Karoline Skjong, Henny Rørvik, Peder Alme, Kristel Synnes, Ole Marius Roald, Julianne Ulvatne, Erlend Sæther, Karina Ytterland, Stine Håland

Fråvær: Hege Synnes, Oddgeir Sørli, Grethe Nordstrand.

Skulestruktur:

Ei gruppe/eit utval er sett ned for å sjå på skulestrukturen i kommuna. Denne gruppa er leia av Åse Elisabeth Skjærseth og Hans Edvard Pilskog. Gruppa skal vurdere om ein skal behalde skulestrukturen slik den er i dag, eller om det blir samanslåing av skular. Eit eksternt konsulentfirma er leid inn og arbeider med tal i forhold til folketal/vekst (demografi). Arbeidet skal vere fakta- og forskningsbasert. Elevrådet ved Valderøy ungdomsskule har fått vere med og sagt sine meiningar om skulestruktur. Rapporten frå gruppa skal leggjast fram 17.februar. Nytt møte i FAU i etterkant, der vi ser på denne rapporten, og kjem med innspel. FAU er kristiske til at ei eventuell samanslåing skal skje allereie til hausten. Prosessen rundt ei eventuell samanslåing må vere god, slik at overgangen for elevar og lærarar blir overkommeleg.

Situasjon økonomi Valderøy ungdomsskule:

Per i dag ligg ein 0,7 under lærarnormen. Dersom det ikkje blir fleire tilsette lærarar enn det ein har i dag, vil Valderøy ungdomsskule til hausten ha 2,2 stilling for lite samanlikna med lærarnormen. Leksehjelpe er allereie no teken vekk. Symjing er kutta ut dette skuleåret.

Usikkerheit omkring skulesstruktur, gjer at det er vanskeleg for rektor å vite behov for personal for neste skuleår. Ved ei eventuell samanslåing vil personalsituasjonen sjå annleis ut enn dersom det ikkje blir samanslåing. FAU er bekymra for at kvalifiserte lærarar forsvinn dersom utlysing av stillingar ikkje kjem i tide. I tillegg er FAU bekymra for både korleis situasjonen til lærarane er per dags dato, og for elevane sitt tilbod, når kutta rammar slik.

Kanal for kommunikasjon:

Mange av klassene ved Valderøy ungdomsskule har Facebook-sider for å kommunisere om saker som gjeld heile klassa. Det er utarbeidd retningslinjer for bruk av Facebook i denne samanheng. Desse skal liggje ute på sidene til klassene. Sjå vedlegg.

Det har vore vanskeleg å justere dette med administratar av Facebook-sider når nye foreldrekontakter tek over. FAU oppmodar difor til at klassene har SPOND-grupper i stadenfor Facebook. Spond er ei betre løysing når det kjem til personvern, og er også meir praktisk og oversiktleg å bruke. På Spond er det heller ikkje forstyrrende reklame. Ikkje minst kan den favne om dei som ikkje ynskjer å vere på Facebook. Foreldrekontakt tek dette opp på neste foreldremøte i klassene.

Ungdomsklubb

Giske Frivillighetssentral startar opp ungdomsklubb på ungdomsskulen etter vinterferien. Tidspunkt blir onsdagar frå 19-22. Ernst Valderhaug frå Frivillighetssentralen treng at ei rullering der to føresette stiller kvar onsdag. Klubben blir arrangert omkring 16 gonger før sommarferien. FAU lagar ei oversikt over føresette som skal stille, foreldrekontakt kommuniserer dette ut til klassene.

Referent. Stine Håland